

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no)

Gode kolleger.



Siste nytt

Overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane, informasjon til kommuneoverlegar, fastlegar og legevaktslegar

Lin Hjelmeland Finjord, Fagutviklingssjukepleiar ved Overgrepsmottaket Sogn og Fjordane har sendt informasjon vedrørande tenesta. Ho skriv at dei opplever at det i dag er for få fastlegar som tilviser pasientar til overgrepsmottaket.

Overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane er eit akutt-tilbod til personar utsette for seksuelt overgrep, og tilsvarande for dei som er utsette for vald i nære relasjonar. Overgrepsmottaket er lokalisert ved legevakta i Førde (SYS IKL) og har døgnberedskap. Tilbodet er sjølvstendig frivillig for den overgrepsutsette. Ved overgrep vert akuttfasen (for sporsikring) rekna frå 0 – 4 døgn etter overgrepet, og ein kan finne gode spor inntil ei veke etter overgrepet. Vi tek og i mot pasientar der overgrepet ligg lengre attende i tid, dersom det vert vurdert som hensiktsmessig.

[Informasjon frå Overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane.pdf](#)

Oppdatert informasjon om pakkeforløpskoordinatorane for kreft

Forløpskoordinatoren kan bli kontakta av både pasient og fastlegar. Ein forløpskoordinator har ansvar for å koordinere pakkeforløpet, med timar og anna - i tillegg til å vere sjukehuset sin kontaktperson mot pasient og fastlege.

Telefonnummera står oppført under kvart pakkeforløp, men dersom det ikkje er svar, kan ein ringe ein av dei andre forløpskoordinatorane. Telefontid for pasientar og pårørande er mandag til fredag fra kl 0900 - 1300. Ved fråvær av forløpskooordinator bør ein ta kontakt med behandlande avdeling.

Telefonnummera står oppført under kvart pakkeforløp, men dersom det ikkje er svar, kan ein ringe ein av dei andre forløpskoordinatorane. Telefontid for pasientar og pårørande er mandag til fredag fra kl 0900 - 1300. Ved fråvær av forløpskooordinator bør ein ta kontakt med behandlande avdeling.

[Oversikt forløpskoordinator Helse Førde pr 01.12.23.pdf](#)

Aktuelle lærings- og mestringskurs 2024

Rikt utvalg av kurs ved LMS som kan vere aktuelle for pasientane våre og der henvisning frå lege må foreligge i mange tilfeller. Aktuelt no er bl.a. diabetes type 2 (grunnkurs), pårørandekurs til diabetesbarn, tinnitus, hjerneslag, å leve med demens, bruk-av-høyreapparatkurs, sjukleg overvekt, lungerehabilitering, barn med epilepsi, atrosekurs, leve med og etter kreft. Fullstendig oversikt finnas på nettsiden til Lærings- og mestringssenteret.

[Lærings- og meistringssenteret - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)



Samhandlingskalender

Kurs i akuttmedisin Helse Førde

Kurset er for LIS1 som skal ut i kommunehelsetenesta i mars 2024 og er ei blanding av teori og praksis.

Dato: 6. mars 2024 08:30 - 7. mars 2024 15:30

Stad: Helse Førde, auditoriet 2. etg

Arrangør: Helse Førde

Målgruppe:LIS1 i kommunehelsetenesta i gamle Sogn og Fjordane

Påmeldingsfrist:27. februar 2024 23:59

[Kurs i akuttmedisin Helse Førde | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no)

Kurs i individuell veiledning for ALIS

I regi av ALIS vest holder Rune Nordpoll og jeg nytt kurs i individuell veiledning på Stad; Kviknes hotel, Balestrand.
Tid: 25.-26.04.24.

[AlisKurs i individuell veiledning i spesialistutdanningen for leger, Balestrand 25 - 26 april 2024 \(deltager.no\)](https://deltager.no)

ADHD og litt FACT-team

Psykiatrisk klinikk, Helse Førde ønsker velkommen til fagdag for fastlegar og spesialistar, Scandic Sunnfjord hotell 17.april 2024

Inga kursavgift, lunsj inkludert

Påmelding innan 18.mars 2024 [HER](#)

Det er søkt om godkjenning frå DNLF som valfritt kurs og frå Norsk Psykologforening som vedlikehaldskurs.

Fagdag for kommunehelsetenesta - Autisme

Torsdag 14. mars 2024, 09:00 - 15:30. Auditoriet Førde Sentralsjukehus

Habiliteringstenesta for barn og unge i Helse Førde inviterer kommunale instansar til fagdag om autisme hos barn i alderen 0-6 år.

[Fagdag for kommunehelsetenesta - Autisme - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

Opning av Regionalt senter for kjønnsinkongruens (RSKI) i Helse Bergen

Opninga av senteret representerer starten på eit desentralisert helsetilbod for barn og unge med kjønnsinkongruens i vår region.

Dato: 15. februar 2024, kl. 11:00-12:00

Stad: Barne- og ungdomssjukehuset i Glasblokkene .

[Velkommen til opning av Regionalt senter for kjønnsinkongruens - Helse Bergen HF \(helse-bergen.no\)](#)

Lenke for digital deltaking kjem på same nettsida

Diabetesforum Vestland

Tid: 14.11.24. kl. 10-15.30. - 6 godkjente kurstimar/del av emnekurs

Godkjent som emnekurs (totalt 15 timar) saman med 9 timars digitalt kurs live på Zoom som går den 03.09, 17.09, og 24.09 frå kl. 18-21. Mulegheit for å sjå opptaka i etterkant.

Set av dato. Meir info kjem seinare.

Med helsing

Normund Rolleiv Svoen

Samhandlingslege

Leiar for samhandlingslegeordninga i Helse Førde (tidegare PKO)

Mobil 95770807

Privat epost: svoens@gmail.com

Virtuelt møterom: 997564

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no/samhandlingslegeordninga/tidlegare-pko)

Helse Førde HF

[Forside - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no/)

